



Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Saksbehandlar, innval
Håvard Rød,
5557 2143

Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2019

Fylkesmannen har i brev av 19.november 2018 invitert kommunane i Hordaland til å søkja om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2019. Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Fylkesmannen har tidlegare fordelt kr 88,0 mill. i ordinært skjønstilskot av den samla skjønssamma på kr 115,6 mill. til kommunane i Hordaland for i år.

Av den delen av skjønsmidlane som står att, kr 27,6 mill., blir kr 15,15 mill. no fordelt som prosjektskjøn til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Det blir gitt tilskot til 28 av søknadene etter at Fylkesmannen har motteke til saman 43 søknader frå kommunane. Samla søknadssum er om lag kr 39,8 mill.

Det blir gitt kr 500.000,- i tilskot til Austrheim kommune knytt til barnevern. Dette inngår i den samla fordelinga av prosjektskjøn på kr 15,15 mill. Det blir gitt tilskot for på kort sikt å avhjelpa utfordringar i barnevernet. Det må bli gjennomført ein prosess med sikte på at Austrheim kommune inngår i eit samarbeid med nye Alver kommune om barnevernstenesta.

Fylkesmannen har gitt prosjektskjøn frå og med 2015 til fem utvalde kommunar til satsing mot barnefattigdom. Tidsramma for tilskot til denne satsinga er fem år, det vil seie til og med 2019. Dette har vore ei særskilt satsing til føremålet. Samla deling i 2019 til satsinga er kr 6,5 mill.

Samla deling av prosjektskjøn blir med dette: kr 15,15 mill. + kr 6,5 mill. = kr 21,65 mill.
Etter dette står det att av Hordalandskommunane sin del av skjønssamma for 2019:
kr 27,6 mill. - kr 21,65 mill. = kr 5,95 mill.

Dette vil stå att i reserve til uføresette utgifter i 2019 og eventuelt til generell deling av gjenstående midlar.

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år.

Vi ber alle som er tildelt midlar gi tilbakemelding om det som er gjort og korleis midlane er brukte.



Rapportering for prosjektskjøn 2019 må bli gjort i den same databasen som er blitt nytta for søknader for 2019, det vil seie : <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Denne rapporteringa i databasen gjeld ikkje tilskot til den særskilte satsinga mot barnefattigdom.

Frist for rapportering for 2019 er 1. februar 2020. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vi ynskjer lukke til med prosjekta.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg